

Torgunn Opsal
Opsalvegen 337,
3690 Hjartdal
torgu-op@online.no

Hjartdal 15.08.2018

Til NVE-Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091, 0301 Oslo
v/Frank Jørgensen

REVISJON AV HJARTDØLA-TUDDALVASSDRAGET.

Tillegg til tidligere uttalelse vedr. revisjon av konsesjonsvilkår for reguleringen av Hjartdal-Tuddalvassdraget.

- Allmenne interesser, herunder landbruk.

Landbruk er hovudnæringa i Hjartdal kommune. Gardsbruka ligg stort sett i bratt lende og hadde tidlegare støler innover fjellet som ei viktig del av næringa. Stølane var på mange måtar bærebjelkar i landbruket, her var beite og her var utslåttar. Som regel låg dei inntil store og små vatn og elver innover i skog og fjellområda. Som følgje av kraftutbygginga på 50-talet blei svært mange stølar neddemde, elver førde ikkje lengre med seg vatn som tidlegare og til saman førde det til store og dramatiske endringar i driftsmåtane i landbruket.

Ei anna følgje av kraftutbygginga var at det meste av vatnet som rann i elver og bekkar gjennom landbruksområdet heime i bygda, forsvann også med utbygginga. Ei heil næring vart hardt råka og erstatningane var små, årlege pengebeløp.

Med dette som bakteppe blir det viktig at revisjonen tek problema med tilgangen på vatn på største alvor. Her ser ein samfunnsmessige verknader/skadeverknader for heile bygdesamfunn og ei heil næring.

I Gvammen og Nordbygda i Hjartdal har grunneigarar heile tida sagt at dei har rett på vatn til eigedommane når det blir tørke, og at da må kraftselskapet sleppe vatn i elver og bekkar. Det har også blitt gjort, ***men desse rettane må revisjonen sikre for framtida.*** Det er stor frykt blant folk i bygda for at vi ikkje er sikra vatn i tørkeperiodar.

Utan tilgang til vatn i bekkar og elver, vil det bli umogeleg å drive med husdyrhald i Hjartdal, dyr som gjeng ute på beite om sommaren må finne vatn. Alle ser og veit at klimaendringar er på veg og at det vi opplevde av tørke i sommar kan bli eit stadig tilbakevendande problem. Hadde utbygginga av Hjartdal-Tuddalvassdraget vore i dag ville desse problema vore teknate omsyn til, men dette var på

femtitalet og ein kunne ikkje sjå for seg korleis utviklinga skulle bli. ***Men når konsesjonsvilkåra no blir gjennomgått på nytt, må ein sørge for at retten til vatn for landbruket blir teken med.***

Kraftutbyggerane må få pålegg om å sleppe vatn i elver og bekkar når det er naudsynt. Dersom kraftverket i Hjartdal blir automatisera, må ein finne fram til ei ordning slik at det er personar på staden, som kan opne lukene og sleppe på vatn når det trengs. Dette er, ved sida av strengare krav til minstevassføring i elvar, dei viktigaste krava å få gjennomslag for her i bygdene.

Torgunn Opsal, grunneigar.